



Referat frå årsmøtet i Breivika Båthavn 2022.

Årsmøtet blei halde i klubbhuset i Breivika tysdag 14. februar 2023 kl. 18.00 – 19:00. Det møtte 15 medlemmer og det var innlevert to fullmakter. Styreleiar Kjell-Atle Reksten ønska vel møtt til årsmøtet.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste blei *samrøystes godkjendt*.

2. Valg av møteleiar.

Kjell-Atle Reksten blei valgt til møteleiar. *Samrøystes*.

3. Valg av referent.

Stein Malkenes blei valgt til referent. *Samrøystes*.

4. Valg av to medlemmer til å skrive under årsmøteprotokollen.

Ola Sveen og Trygve Nybø blei valgt til å skrive under årsmøteprotokollen. *Samrøystes*.

5. Årsmelding 2022.

Årsmeldinga var utsendt på førehand. Årsmeldinga blei *samrøystes vedteken*.

6. Rekneskap 2022.

Kasserer Einar Jacobsen orienterte. Breivika Båthavn er gjeldfri. Dette blei godt motteke av Årsmøtet. Einar gjekk deretter gjennom revisjonsrapporten. Denne var sendt ut på førehand. Det blei stilt spørsmål om kva for uteståande fordringar som var nemnd i revisjonsrapporten. Einar orienterte om at nokre få personar er altfor seine med innbetalingar, at dette skapar mykje ekstraarbeid og at desse sakene no sendast til inkasso. Rekneskapen blei deretter *samrøystes vedteken*.

7. Utleigeprisar.

Einar orienterte og viste til styret sitt framlegg om å halde på prisnivået frå 2022. *Samrøystes*.

8. Pris på båt plassane.

Einar orienterte og foreslo på vegner av styret 6% prisauke frå 2022. Saka blei kommentert og drøfta av årsmøtet. *Samrøystes*.

9. Budsjett for 2023.

Budsjettet for 2023 blei lagt fram med eit driftsoverskot på kr. 10 000,00. Kjell-Atle og John orienterte særskild om nyleg vedlikehald av slippvognene. Dette blei godt motteke. Budsjettet blei deretter *samrøystes vedteke*.



10. Saker frå styret

10.1. Ekstern og intern bruk av båthengardelen ved slippen.

Kjell-Atle orienterte. Saka blei *samrøystes teken til vitande*.

10.2. Oppstart av arbeid med ferdigstilling av parkeringsplass til utleigebrygge

Kjell-Atle orienterte. Prosjektet har ei økonomisk ramme på kr. 125 000,-.

Årsmøtet stilte ein del spørsmål. Desse blei avklart.

Vedtak: Med atterhald om kommunal godkjenning, vedtek Årsmøtet gjennomføring av den framlagte planen. Samrøystes.

11. Inkomne framlegg

Rune Andreas Eick hadde sendt inn framlegg til vedtektsendringar. Framlegget var sendt ut saman med årsmøteinnkallinga. Det var ikkje meldt inn andre saker til årsmøtet innan fristen, jfr. vedtektene.

12. Vedtektsendring

Kjell-Atle orienterte.

A. Framlegg til vedtektsendringar frå styret (*rød tekst*):

§4. Medlemskap; rettigheter og plikter

Tillegg til avsnitt 4.

Støyende arbeid **og annen støy** på søn. – og helligdager **og mellom kl 23 og 7 på hverdager** er ikke tillatt. **Nabo/granneloven §2**. Det blei stilt spørsmål om korvidt høgtrykkspyling er å rekne som støy. Dette blei stadfesta.

Tillegg til avsnitt 14 Slipping.

Medlemmer eller andre som på grunn av havari/reparasjoner må stå på slippen lenger enn 3 dager, må fortrinnsvis bruke slippvogn øst og avtale dette på forhånd med bryggesjef.

Slipping i mai, juni og juli kan ikkje overstige 1 veke, etter 1 veke må medlemmer og andre betale en dagrate på kr 100,-. For resten av året samme dagrate, men den trer i kraft etter 2 veker. Bruk av strøm fra slipphuset skal betales pr. kWt avlest på kWt måler.

Det blei stilt spørsmål om korvidt «Bruk av strøm fra slipphuset skal betales pr. kWt avlest på kWt måler» kun gjeld bruk av strøm om bord i båt. Dette blei stadfesta.

Nytt avsnitt 15. Utsetting/opptak av båter med båttilhenger:

Medlemmer og de som leier båt plass av båthavna eller av medlemmer, kan sette ut og ta opp båter gratis. Bom kan da låses opp av medlemmer. Andre uten tilhørighet i havna som vil sette ut og ta opp båter skal, etter å ha ført seg opp på liste med navn, telefon og dato, betale pris som fastsettes av årsmøtet. Betaling med Vipps skal ha funnet sted før bommen låses opp av en av båthavnas slippansvarlige, som fører navnet sitt på lista i skapet på slipphuset, for å få betalt sum fastsatt av årsmøtet.

Saka blei drøfta og avklart så langt råd er. Det var semje om å ta avsnittet inn i vedtektene. Komande årsmøte kan deretter velge om det er ønskeleg med ytterlegare presiseringar.



§ 6. Miljø

Nytt tillegg til eksisterende tekst: **All unødvendig støy i havna må unngåast.**

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner dei framlagte vedtektsendingane frå styret. Samrøystes.

B. Framlegg til vedtektsendingar frå Rune Andreas Eick.

Framlegget til vedtektsendingar frå Rune Andreas Eick var sendt ut på førehand saman med årsmøteinncallinga. Sjølv var han forhindra frå å møte på Årsmøtet. På vegne av styret takka Stein Malkenes for Rune sine innspel. Stein orienterte Årsmøtet om at styret hadde drøfta framlegget i styremøtet 11.01.2023 og gjort vedtak på dei ulike delane av framlegget frå Rune. Styret sine framlegg til vedtak og grunngjevingane for desse blei så lest opp avsnitt for avsnitt etter Rune sine framlegg. Årsmøtet drøfta så kvart avsnitt og kom fram til følgande vedtak:

§1.

Avsnitt nr. 1 i §1 om kjønnsbalansering i styret og innlemming av bryggeassistent som styremedlem:

Årsmøtet ønsker ei betre kjønnsbalansering i styret. Årsmøtet har ingen vektige motforestillingar mot å utvide styret med eit nytt medlem og støttar framlegget frå Rune Eick om bryggeassistent inn i styret ved komande valg. Samrøystes.

Avsnitt nr. 2 i §1 om framlegg frå Rune om fjerning av det som Årsmøtet kalla «etterløn» av styremedlemmer i to år etter avgang. Stein leste opp styret sine vurderingar og grunngjevingar. Årsmøtet hadde deretter ein grundig gjennomgang av saka og var einig om at det er viktig med ei rimeleg godtgjerdsla av styrearbeidet og at det komande årsmøtet kan drøfte ei vidare forbetring av innretninga på godtgjerdsla. Etter drøftingane la Stein så fram styret sitt framlegg til vedtak:

På bakgrunn av dette tilrår styret at den eksisterande teksten i vedtektene på dette punktet oppretthaldast, med justering av bryggeassistent som nytt styremedlem, og at Rune Eick sitt framlegg om avvikling av godtgjerdsla i to år etter avslutta styremedlemskap ikkje blir teke til følge. Samrøystes.

Årsmøtet var også samde om at ordninga kan gjennomgåast og forbeholdast på neste årsmøte.

§2.

Rune sitt framlegg om å opne for gjennomføring av digitale årsmøter under særlege myndigheitsavgjerder.

Styret er einig i dette og la fram følgande framlegg til vedtak:

Rune Eick sitt framlegg til ny tekst på dette punktet støttast. Samrøystes.

§3

Rune sitt framlegg til endring av sekretærens arbeidsoppgaver ved at alle styrereferat skal sendast til medlemmene innan ei veke etter styremøter/styredialogar.

Stein orienterte om styrets vurderingar i saka og la fram styrets framlegg til vedtak:

Styret tilrår at Årsmøtet beheld den opprinnelege teksten i §3, tredje ledd (om sekretærfunksjonen). Samrøystes.

Alle vedtaka og tekstframlegga innarbeidast i vedtektene.

Styret gjennomfører språkvask av vedtektene.



13. Ymse

Det var ikkje meldt inn saker under ymse, men Trygve Nybø la fram tankar omkring grunnlaget for verdifastsetting av båtplassane i havna med mål om auke av verdiane. Årsmøtet hadde deretter ein innspelsrunde om dette spørsmålet. Saka kan handsamast på nytt på komande årsmøte.

Med fullmakt fra Øyvind Kleiven la Kjell-Atle fram framlegg frå han om at alle båter i Breivika Båthavn skal være registrert i enten Småbåtregisteret, Skipsregisteret (NOR) eller Fiskeriregisteret. Dette for å lette identifiseringsarbeidet til SAR ved eventuelle funn av tomme båter i drift.

Årsmøtet var einig i at dette ikkje kan leggst inn i vedtektene i år, fordi saka ikkje var framlagt innan fristen for vedtektsendringar, men oppmoder likevel alle medlemmer med uregistrerte båter å registrere dei.

14. Valg

Per Arne Solheim orienterte på vegne av valgnemnda og la fram følgande innstilling:

| | | |
|------------------|--------------------|------------------|
| Styrelsiar: | Kjell-Atle Reksten | (valgt for 2 år) |
| Bryggesjef: | John Reksten | (valgt for 2 år) |
| Revisor: | Vidar Grønnevik | (valgt for 2 år) |
| Bryggeassistent: | Magn-Ove Madsen | (valgt for 2 år) |


Per Arne orienterte så om at varamedlemmene/valgnemnda, Rune Andreas Eick og Per Arne Solheim ønsker avløyning og hadde orientert styret om dette. Styret v/ Kjell-Atle hadde såleis forespurt to kandidatlar som har sagt seg villig til å ta på seg verva.

1. vara: Ronny Kjerpeseth (valgt for 2 år)
2. vara: Marianne Æsøy Selaas (valgt for 2 år)


Alle kandidatane blei valgt samrøystes ved akklamasjon.

Møtet slutt kl 19:00/sm

Årsmøteprotokollen er gjennomgått og godkjend:



Trygve Nybø



Ola Sveen